



DET KONGELIGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

**Revidert nasjonalbudsjett 2007 –
orientering om saker på
Samferdselsdepartementet sitt område**

*Samferdselsminister Liv Signe Navarsete
Plenumsalen, R4, Oslo 15. mai 2007*

Revidert nasjonalbudsjett 2007

- 462 mill. kr meir over Samferdselsdepartementet sitt budsjett
- Infrastruktursatsing på budsjett til andre departement:
 - 255 mill. kr til breibandsatsing – breiband til alle!
 - Omsetnadskrav til oljeselskapa om å auke tilbodet av biodrivstoff
 - Frådrag i eingongsavgifta for E85-køyretøy



2

Regjeringen har i dag foreslått tilleggsøyvingar på nær 462 millionar kroner innanfor Samferdselsdepartementet sitt område.

Dette er ”nye” pengar til samferdsel og betyr at vi kan løyse viktige oppgåver uten å ta pengar frå andre prosjekt!

Regjeringa innfrir løftet om breiband til alle: 255 millionar nye kroner til breibandsutbygging i Noreg.

For å sikre breiband til alle har regjeringa satsa på å stimulere til raskare utbygging, særleg i område der det ikkje er kommersielt lønsamt å byggje ut. Når regjeringa no legg fleire pengar på bordet, vil andre aktører bidra med like store midlar. Dette vil i så fall føre til at det i år blir investert om lag 750 mill. kroner til breibandsutbygging i område som ikkje ville fått breiband utan at det offentlege stilte opp

Alle fylker og kommunar vil kunne søke om løyvingar frå Høykom-midlane som i samband med revidert budsjett aukast med nye 100 millionar kroner. I tillegg skal det øyremerkas 155 millionar kroner over KRD sitt budsjett som skal forvaltast av fylkeskommunane.

Regjeringa vil ha auka bruk av biodrivstoff på norske veger og vil difor innføre krav til oljeselskapa om å auke tilbodet. Hensikten er å få ned norske klimagassutslepp. Regjeringa vil nå foreslå krav om at to volumprosent av total årleg omsetnad av drivstoff skal bestå av biodrivstoff i 2008, med ein auke til fem volumprosent i 2009. Regjeringa arbeider òg vidare med ei nasjonal målsetting om cirka syv volumprosent frå 2010.

Regjeringa foreslår òg å gi eit fradrag på 10 000 kroner i engongsavgifta for E85 køyretøy. Fradraget gjeld køyretøy som vert levert for etanoldrift frå produsent.

Meir til kollektivtransport

- 55 mill. kr meir til kollektivtransport
 - 8 mill. kr til ny prøveordning for å styrkje kollektivtransporten i distrikta
 - 47 mill. kr til belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda



55 millionar kroner meir til kollektivtransport

Regjeringa vil styrkje kollektivtransporten både i distrikta og i byane.

Denne auken gir mellom anna rom for å setje av åtte millionar kroner som skal nyttast til ei ny prøveordning med sikte på å styrkje kollektivtransporten i distrikta. Her er det ofte eit dårleg grunnlag for eit omfattande rutegåande kollektivtilbod, og ein må difor få til løysingar som kjem i tillegg til eller i staden for vanlege rutetilbod.

Tilleggsøyvinga over 2007-budsjettet fører dessutan til ein auke på 47 millionar kroner til ”Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda”. Dei samla løyvinga til denne ordninga blir dermed i år på vel 154 millionar kroner.

Meir til gang- og sykkelveggar

- 15 mill. kr til gang- og sykkelveggar:
 - Riksveg 36 Strannavegen, Sauherad, Telemark
 - Riksveg 112 Nylene idrettsplass, Fredrikstad, Østfold
 - E136 Jora bru – Botheim, Lesja, Oppland
 - E134 Fortau – Skjold, Vindafjord, Rogaland
 - Riksveg 168 Morgedalsvegen – Merradalen, Oslo
 - Trondheim: sykkelveginspeksjonar og tilhøyrande tiltak
- Forlenga bompenggeordning i Kristiansand – samanhengjande gang- og sykkelvegnett i byen
- Nedlagt jernbanestrekning mellom Skoppum og Horten blir gang- og sykkelveg



Meir til gang- og sykkelveggar

Til bygging av gang- og sykkelveggar foreslår regjeringa ei tilleggsløyving på i alt 15 millionar kroner over statsbudsjettet for i år. Dette er viktige tiltak for å øke trafikksikkerheten og for å legge bedre til rette for gange og sykling til skole, jobb og fritidsaktiviteter.

- 5 millionar kroner til riksveg 36 Strannavegen i Sauherad kommune i Telemark
- 1,5 millionar kroner til riksveg 112 Nylende idrettsplass i Fredrikstad
- 2 millionar kroner til E136-strekningen Jora bru – Botheim i Lesja i Oppland
- 1,5 millionar kroner til E134 Fortau – Skjold i Vindafjord kommune i Rogaland
- 2,5 millionar kroner til tiltak på riksveg 168, på strekningen fra Morgedalsvegen til Merradalen i Oslo.
- 2,5 millionar kroner til sykkelveginspeksjonar, med tilhøyrande tiltak i Trondheim.

Gang- og sykkelveg i Oslo

Manglande planavklaringer er hovudårsaka til at utbygginga av gang- og sykkelvegnettet i Oslo går saktare enn lagt til grunn i Statens vegvesen sitt handlingsprogram for 2006-2009. Samferdselsdepartementet vil ta saka opp med Statens vegvesen og Oslo kommune, med sikte på å komme fram til løysinger for å betre plansituasjonen.

Gang- og sykkelveg i Kristiansand

Den gjeldande bompenggeordninga på E18 i Kristiansand vert foreslått forlengd med 10 månader for å finansiere tiltak som inngår i eit samanhengjande gang- og sykkelvegnett i byen. Forlaget omfattar tiltak for gåande og syklande og har ei total kostnadsramme på 67 millionar kroner. Den samla innkrevjingsperioden blir på om lag 10 år og seks månader, frå desember 1997 til april 2008.

Nedlagt jernbanestrekning blir gang- og sykkelveg

Regjeringa foreslår at det sju kilometer lange jernbanesporet mellom Skoppum og Horten i Vestfold blir overført utan vederlag til Horten kommune. Dei jernbanetekniske installasjonane og banelegemet vert fjerna. I samsvar med ønskje frå kommunen, skal traséen krevast til gang- og sykkelveg.

Jernbaneinvesteringar – 15 mill. kr ekstra

- Meir gods frå veg til jernbane
- Fritak for køyrevegsavgift for godstrafikk med jernbane
- 10 mill. kr til Drammen stasjon: Flytogtilbod skal forlengjast



Fortsatt satsing på jernbane:

Regjeringen foreslår en tilleggsbevilgning på 15 millioner kroner til jernbaneinvesteringer.

Regjeringen foreslår å bruke fem millioner kroner på tiltak på Bergen godsterminal for å øke sporkapasiteten og forlenge eksisterende skiftespor på Heimdal stasjon i Trondheim. Det vil føre til at det kan kjøres lengre godstog inn her.

Regjeringen er opptatt av å legge forholdene til rette for at tungtrafikk kan overføres fra veg til jernbane. Grensen for fritak for kjørevegsavgift for godstrafikk på jernbane foreslås derfor økt fra 22,5 tonn aksellast til 25 tonn aksellast.

Det går også fram av forslaget til tilleggsbevilgning at Drammen stasjon skal få 10 millioner kroner til bygging av ny sporsløyfe, som legger til rette for Flytoget til Drammen.

- 7 mill. kr til Stord lufthamn
 - Regjeringa sikrar vidare drift

- 1,5 mill. kr i statleg tilskott til "Senjafergene"
 - Sikrar sommar drift for turistruta på "yttersia" av Andøya, Senja og Kvaløya

- 20 mill. kr til rikvegferjene



7 millionar kroner til Stord lufthamn, til ny brannstasjon

Regjeringa ønskjer å bidra til å sikre vidare drift på Stord lufthamn. Nedgang i trafikken og nye krav til tryggleik har gitt lufthamna på Stord ein vanskeleg økonomisk situasjon. For å oppfylle pålagde krav om tryggleik, må ny brannstasjon vere på plass på lufthamna innan 1. september i år. Løyvinga er eit bidrag til eit økonomisk spleiselag der òg lokale aktørar er med.

Senjafergene

Regjeringen foreslår at det over statsbudsjettet for i år skal løyves eit statleg tilskott på 1,5 millionar kroner til "Senjafergene", som trafikkerer to ferjesamband i nordre del av Nordland og i Troms. Rutetilbodet til "Senjafergene" er avgrensa til sommersesongen. Tilbodet er spesielt innretta mot turisttrafikk og er viktig for vidare utvikling av turistruta "på yttersia" på Andøya, Senja og Kvaløya.

I forslaget er det lagt til grunn at løyvinga på 1,5 millionar kroner skal dekkje statleg medfinansiering i dei to sambanda, og at fylkeskommunene Nordland og Troms til saman skal løyve eit like stort beløp.

Riksvegferger

Regjeringa gjer framlegg om at løyvinga til kjøp av riksvegferjetenester skal aukast med 20 millionar kroner. Denne tilleggsløyvinga over statsbudsjettet for 2007 har mellom anna samanheng med at ferjeselskapa har hatt noko større driftsutgifter enn det som er lagt til grunn i tidlegare vedtatt budsjett.

Framskunding av stamvegprosjekt

- E39 Stangeland - Sandved
 - Utviding frå to- til firefelts veg kan starte i haust
- E39 på strekninga Renndalen – Staurset bru
 - Breiare og tryggare veg – startar i haust
- Auka frihøgda til 4,2 m i Haukelitunnelane – arbeidet fullført desember 2007



7

Framskunding av to stamvegprosjekt:

Utbygginga av vegstrekninga E39 Stangeland - Sandved frå to- til firefelts veg kan starte i haust. Den nye vegen kan opnast for trafikk rundt årsskiftet 2009/2010. Utbygginga vil føre til betre trafikkflyt, og i prosjektet inngår omfattande tiltak for å minske støyulempene frå trafikken.

Utbeiringa av E39 på strekninga Renndalen – Staurset bru i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag vil føre til tryggare trafikk, betre miljøforhold og meir effektiv transport på ein viktig del av ”Kyststamvegen”. Trafikantane vil få ein breiare og tryggare veg, med mellom anna lang færre avkøyrslar enn dagens veg. Utbeiringa er rekna å koste i alt 274 millionar og vil bli finansiert ved løyvingar over statsbudsjettet. For å framskunde anleggsarbeidet vil fylkeskommunane Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag forskottere delar av dei statlege løyvingane, mot tilbakebetaling frå staten i 2010. Anleggsarbeidet kan ta til i haust og, og den nye vegen skal opnast for trafikk i 2010.

Regjeringa foreslår òg å utvide bompenginnkrevinga på E6 Trondheim - Stjørdal for å delfinansiere bygginga av ei ny bru over Nidelva. På Riksveg 2 Kløfta- Nybakk i Akershus vert bompengetakstane auka for å kunne bygge firefelts veg på heile strekninga.

Arbeidet med å auke frihøgda i tunnelane på E134 over Haukeli til 4,2 meter vil komme i gang att i løpet av våren 2007, og de skal fullførast i løpet av desember 2007.

Raset i Hanekleivtunnelen

- 25/12 – ras i sørgående løp – ingen skadd, E18 vart stengd
- To entreprisar – vegen planlagd opna igjen 6. juli
- Særlege tiltak for kollektivtransporten
- Totale kostnadar 345,2 mill. kr – dekkast ved ei tilleggsløyving på statsbudsjettet for 2007



25. des 2006 raste store steinblokker ned i køyrebana og stengde det sørgående løpet i Hanekleivtunnelen – ingen skadd

Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet avgjorde raskt at det skulle setjast ned ei uavhengig undersøkingsgruppe.

Parallelt med den eksterne undersøkingsgruppa, blei det vedteke å opprette ei intern undersøkingsgruppe i Statens vegvesen.

To entreprisar – vegen planlagd opna igjen 6. juli.

For å betre framkomsten og auke trafikktryggleiken i nordre Vestfold, har ein forsterka skuleskyssen på nokre strekningar og auka ferjekapasiteten i sambandet Moss-Horten. Det vert òg etablert kollektivfelt ved Bergsenga.

I orienteringa er det gjort greie for raset i Hanekleivtunnelen, årsakene til raset og reparasjonskostnadene. Totalt er kostnadene ved raset i Hanekleivtunnelen rekna ut til 345,2 millionar kroner. Regjeringa foreslår at dette beløpet vert dekt ved ei tilleggsløyving over statsbudsjettet for 2007.

Tunnelsikkerheit

- Rapport frå undersøkingssgruppa 15.02. i år – forslaga til forbetringar blei straks følgd opp
- Strengare krav til dokumentasjon og kvalitetssikring av grunnlagsmaterialet
- Skjerpa rutinar for å kvalitetssikre geologiske utfordringar
- Ekstra kontroll av alle tunnelar
- Arbeidsgruppe med representantar frå bransjen oppretta
- Internrevisjon i Vegdirektoratet

Undersøkingssgruppa sin rapport om raset i Hanekleivtunnelen blei som kjent lagt fram 15. februar i år. Konklusjonane i rapporten om årsakene til raset og forslaga til forbetringpunkt blei straks teken tak i.

I tillegg til dette har Statens vegvesen allereie innført strengare krav til dokumentasjon og kvalitetssikring av det grunnlagsmaterialet som blir nytta for planlegging, kostnadsdekning og gjennomføring av tunnelanlegg.

Det er også innført skjerpa rutinar for å kvalitetssikre at dei geologiske utfordringane som kjem fram gjennom den geologiske kartlegginga, er innarbeidde i konkurransegrunnlaget.

For å understreke at Vegdirektoratet vil ta ein meir aktiv kontrollfunksjon i tunneldrifta, vil direktoratet gjennomføre ein ekstra kontroll. Dette for å sikre at retningslinene blir følgde ved dei tunnelane som er under arbeid.

Som ein ytterlegare oppfølging av arbeidet med sikring av tunnelane her i landet, er det sett ned fleire arbeidsgruppe:

Vegdirektoratet har sett ned ei intern arbeidsgruppe som skal sjå på gjeldande retningslinjer, praktiseringa av desse, samt foreslå aktuelle forbetringstiltak. Dette arbeidet er i ferd med å bli slutført.

Ei anna arbeidsgruppe er sett saman av representantar frå bransjen; Rådgivende ingeniøres foreining (RIF), Maskinentreprenørens foreining (MEF), Entreprenørforeiningen bygg og anlegg (EBA) og Statens vegvesen. Arbeidsgruppa har som oppgåve å sjå på moglege forbetringstiltak med medverknad frå heile bransjen. Arbeidet skal vere avslutta innan utgangen av mai månad.

Arbeidet i begge desse gruppene vil gi eit godt utgangspunkt for å vurdere nærare om det er behov for ytterlegare forbetringstiltak.

I tillegg til desse, gjennomfører internrevisjonen i Vegdirektoratet ei nærare undersøking med bakgrunn i raset i Hanekleivtunnelen. Dette går på undervurderinga av dei geologiske forholda i området og svikt i arbeidet med sikring av tunnelane, både i samband med ferdigstilling og tilleggsikring. Når rapporten ligg føre, vil departementet vurdere om det er behov for ytterlegare gransking.

Vegtilsyn

- Viktig at tunnelar og andre komplekse veg- og bruutbyggingsprosjekt vert kvalitetssikra i alle fasar
- Forvaltningsreforma – omfattande overføring av myndigheit innan vegsektoren til regionalt nivå
- Behov for grundig utgreiing av eit eventuelt sjølvstendig tilsynsorgan med ansvar for tilsyn med tryggleiken i vegsektoren
- Offentleg utval skal utgreie saka

Spørsmålet om oppretting av eit sjølvstendig organ med ansvar for tilsyn i vegsektoren har blitt reist etter raset i Hanekleivtunnelen. Saka har og blitt vurdert i ulike samanhengar tidlegare. I St.meld. nr. 17 (2002-2003) Om stalige tilsyn blei det m.a. vist til at Statens vegvesen på det tidspunktet var inne i ei omfattande omstilling, og at det først på sikt ville vere hensiktsmessig å sjå nærare på ulike problemstillingar knytt til køyretøy, trafikk og infrastruktur.

I dei dryge fire åra som er gått sidan St.meld. nr. 17 blei lagt fram, har organisasjonen til vegvesenet tilpassa seg ein situasjon utan eiga produksjonsavdeling. Produksjonsdelen blei skilt ut da Mesta AS blei etablert frå 1. januar 2003. Dermed fekk Statens vegvesen ei meir avgrensa rolle som bestillar og byggherre.

Det er viktig at tunnelar og andre komplekse veg- og brubyggingsprosjekt vert gjenstand for ei god kvalitetssikring både i plan-, bygge-, og driftsfasen. Det har vore etablert rådgivande kvalitetsgrupper uavhengig av prosjektorganisasjonen både på gjennomførte og pågåande prosjekt. Dei er, eller har vore ulikt organisert, men i dei gjennomførte prosjekta har dei vore eit rådgivande organ for byggeprosjektet. I samarbeidsgruppa med bransjen inngår det som eit tema å vurdere innhaldet i og bruken av slike uavhengige grupper.

I St.meld. nr. 12 (2006-2007) om forvaltningsreformen er det lagt opp til ei omfattande overføring av myndigheit innan vegsektoren til regionalt nivå. Øvrige riksvegar skal i all hovudsak overførast. Som det går fram av meldinga, kan det bli aktuelt å vurdere tilsyn om det blir få og store regionar.

Det er i dag ingen land det er naturleg å samanlikna seg med som har eit sjølvstendig organ med føremålstenlege verkemiddel for tilsynsarbeid i vegsektoren.

Regjeringa vurderer det slik at det er behov for ei grundig utgreiing av eit eventuelt sjølvstendig tilsynsorgan med ansvar for tilsyn med tryggleiken i vegsektoren. Arbeidet bør avgrensast til infrastrukturen, i og med at det er på det området det i dag eksisterer uklare roller.

Det vil i løpet av sommaren 2007 bli oppretta eit offentleg utval for å utgreie saka. Utvalet skal leggje fram innstillinga si innan utgangen av 2008 i form av ei NOU.